



Institutt for filosofi og førstesemesterstudier
Institutttråd

Protokoll - instituttrådsmøte 13.02.25

Tid: Torsdag 13. februar 2025, kl. 09.15 – 11.00

Stad: Sydneplassen 12-13,

Til stades: Steinar Bøyum, Gunnar Karlsen, Julie Zahle, Eivind Kolflaath, Rune J. Falch (vara gruppe A), Luna De Souter (vara gruppe B), Ingrid Øverland, Vivian Steinsund, Signe Simonsen (vara)

Forfall: Vibeke Tellmann, Hans Marius Hansteen, Tore Øgaard, Nicolay Kræmer

I Godkjenning av innkalling og sakliste

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste

II Orienteringssaker

- Fakultetsstyremøte 28. januar: Viktigaste sak var «Budsjettering av undervisningsressurser og bruk av arbeidstidsregnskap ved Det humanistiske fakultet – Mandat for arbeidsgruppe», der mandatet blei vedteke og arbeidsgruppe (leia av prodekan for forskning og formidling Ole Hjortland og med to FoF-representantar) no er sett ned. Instituttleiari gjorde kort greie for kva dette arbeidet, kanskje (?), kjem til å handle om.
- Endring i studie-/emneplanar frå haust 2025: Det er utvikla ny emneplan til erstatning for FIL124 Praktisk filosofi: *FIL130 Moral og det gode liv*. I tillegg er det gjort justeringar i studieplanane for årsstudiet og bachelor-programmet.
- Utløysing av insentivmidlar for studiekvalitet.
- Samarbeidsavtale mellom UiB og Wittgensteinstiftinga i Skjolden: Stiftinga får heretter eit tilskott på NOK 20 000/år frå UiB mot nokre motytingar frå stiftinga
- Orientering om rekrutteringsstillingar HF 2025: HF har lagt om til ny fordelingsmodell for stipendiat/postdoktor-heimlar. Desse blir heretter fordelt årleg basert på «strategiske vurderingar og innspill».



- Internkontroll ved UiB – Årlige aktiviteter og rapportering: Universitetsleiinga orienterer om dei planlagte internkontrollaktivitetane i 2025.
- Publiseringsstrategi HF – mandat og oppnevning av arbeidsgruppe: Torfinn Huvenes skal leie ei arbeidsgruppe som skal utarbeide framlegg til ny publiseringsstrategi for HF.
- Nedlegging av MNF201: Brev frå NT-fakultetet om at emnet *MNF201 Vitenskap i vår tid* går siste gong i haustsemesteret – grunna omlegging av lektorprogrammet. Det er Sorin Bangu som har stått for undervisninga
- Tildeling av midler til mangfolds- og likestillingstiltak – FoF: Vi har fått 69 000 til tiltak innanfor rammene av «Universell utforming». Vibeke Tellmann og Jesse Tomalty stod for søknaden
- Studentstatistikk for siste tiårsperiode: Studentstatistikk for fagstudiene og Examen philosophicum blei presentert.
- Studiebarometeret: Instituttleiara gjorde kort greie for FoF sine resultat frå nyleg offentleggjort Studiebarometer. FoF hadde høg svarprosent, og gjorde det relativt bra.

III Vedtakssaker

2025-01 Rekneskap for 2025

Vedtak:

Instituttrådet tar rekneskapen for 2024 til orientering.

2025-02 HMS-plan for 2025

Vedtak:

Instituttrådet sluttar seg til foreslått HMS-handlingsplan for 2025.

2025-03 Val 2025 – medlemmer til nominasjonskomiteer ved HF

Vedtak:

Instituttrådet sluttar seg til framlegg om nominasjonskomité for instituttrådsvale i 2025/2026: Vibeke Tellmann, Franz Knappik, Ane Engestad, Steinar Thunestvedt, Håkon Helgøy.



2025-04 Driftsbudsjett for 2025

Vedtak:

Instituttrådet sluttar seg til framlegget til driftsbudsjett for 2025.

Steinar Thunestvedt
administrasjonssjef